

Eksamensverkstad for ungdomsskulane i Sogn 1.november 2024

Deltakarar: Tilsette ved ungdomsskular i Sogn, etter eiga påmelding [her](#)

Kvar: Quality Hotel Sogndal, lokale «Sogndalssalen» (konferansesalen nærast resepsjonen)

Tidspunkt: Fredag 1.november kl 10.00- 15.00. Registrering frå kl 9.30

Pris: 650 kr for dagpakke pr. pers som vert fakturert kommunane i etterkant. Bindande påmelding.

Program:

09.30-10.00 Registrering. Du finn kaffi/te og snacks i pauseområdet inst i gangen

10.00-10.30 Velkommen v/ Kenth Rune Teigen Måren, leiar for Kompetanseregion Sogn (kommunalsjefnettverket for oppvekst)

Munnleg og munnleg-praktisk eksamen i vår region v/ koordinator for lokalgjeven eksamen i Sogn Turid Rauboti og programleiar Ingrid Steine Bortne

- Presentasjon av dei viktigaste endringane i nyleg vedteken plan «Rutinar for gjennomføring av munnleg og munnleg-praktisk eksamen i Sogn»
- Sensoroppdrag og organisering

10.35-10.45 Me fyller opp kaffikoppene og minglar

10.45-11.45 Kunstig intelligens og lokalgjeven eksamen v/ Eva Bratvold

11.45-12.30 Lunsj (2-rettars)

12.30-12.50 "Arbeidslivsfaget - ikkje berre sløyd". Luster ungdomsskule deler sine erfaringar.

12.50-14.45 Denne økta vert delt i to bolkar a 45 min med arbeid i to ulike faggrupper. Det blir pause i samband med skifte til ny faggruppe som startar presis kl 14.00. På førehand har alle bestemt seg for to fag som dei vil jobbe med, og registrert dette via denne qr-koden innan 22.oktober:

Basert på registreringane vert det laga til grupper.

14.45-15.00 Kort oppsummering og vegen vidare.
Individuell evaluering via QR-kode.



Faggruppene jobbar med desse punkta i ca 45 min:

- Refleksjonsoppgåver om KI og eksamen
- Evaluere og dele erfaringar ved lokalgjeven eksamen 2024
- Dele eksamensoppgåver med vurderingskriterium. Hugs å ta med noko du kan dele.
 - Korleis formulere gode eksamensoppgåver?
 - Korleis får eleven synt kompetansen sin på best mogeleg måte?

Førebu deg til eksamensverkstad:

1. Meld deg på eksamensverkstaden [her](#) innan tysdag 22.oktober kl 11. Skriv evt. allergiar i merknadsfeltet. Etter fristen kan det bli vanskeleg å få plass.
2. Register to fag via qr-koden på førre side
3. Gjer deg godt kjend med «Rutinar for gjennomføring av munnleg og munnleg-praktisk eksamen i Sogn». Siste versjon vert lagt ut på <https://www.fagnettverkisogn.no/> måndag 28.oktober etter vedtak i kompetanseregionen (fram til den datoen er det kunn fjorårets versjon som ligg ute)
4. Ta med eigen pc til eksamensverkstaden
5. Ta med eksamensoppgåver du kan dele i dei to faggruppene dine (dersom du har)
6. Tenk gjennom korleis du kan formulere gode eksamensoppgåver i dine fag etter LK20



Velkommen til regional eksamensverkstad! Me ser fram til å sjå deg!

Med helsing

Ingrid Steine Bortne
Programleiar barnehage- og skuleutvikling
Sogn kommunalt oppgåvefelleskap (KO)
Tlf 48 25 03 06
[Fagnettverk i Sogn](#)